


HERØY
kommune



Lokal rammeplan Barnehage Haust 2020 - våren 2024

01 / 01.03.2021



EI BÅTLENGD FØRE

Oppsummering

Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen legg føringar for drift av alle barnehagane i Noreg. Utifrå desse skriv barnehagane sine langtidsplanar og årsplanar. I Herøy har vi valt å ha ein lokal rammeplan for alle barnehagane i kommunen i tillegg.

Satsingsområda i denne planen har alle styrarane vore med på å velje ut. Det er dette som vert den felles satsinga fram til 2024. Vi skal sikre at alle tilsette får auka kompetanse innan for desse områda. Korleis kvar barnehage vil arbeide med dette kjem fram i den einskilde barnehage sine planar.

- Lokal rammeplan skal vere felles og forpliktande for barnehagane i Herøy kommune.
- Lokal rammeplan skal vise kjenneteikn ved Herøybarnehagane.
- Barn i Herøy skal ha eit godt barnehagetilbod uavhengig av om dei går i kommunal eller privat barnehage.
- Herøybarnehagane skal stå for kvalitet. Dette betyr mellom anna at tilsette skal vere godt kjent med innhald i lov og rammeplan.
- Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving.
- Lokal rammeplan skal sikre alle barn i Herøy eit godt grunnlag for god livsmeistring.

Barn sin medverknad vart ytterlege forsterka i lovendringa som vart gjeldande frå 1. januar 2021. Med foreldreundersøkingar, foreldrekontaktar og representantar til samarbeidsutvala så har foreldre også ei viktig stemme inn i barnehagekvardagen. I møta i kvardagen blir den gode relasjonen skapt mellom barn, tilsette og foreldre. Ilag skal vi få til den beste kvardagen for alle barna i Herøy!

Elisabeth Warpe
avdelingsleiar barnehage

Innhold

OPPSUMMERING	2
LEIK OG LÆRING	5
RELASJONSKOMPETANSE	6
LIVSMEISTRING OG HELSE	9
REGIONAL KOMPETANSEUTVIKLING: SPRÅK OG KOMMUNIKASJON	10
SEKTOR FOR OPPVEKST	11



Leik og læring

Leiken er barna sine naturlege uttrykksform og viktigaste aktivitet. «Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine eller saman med andre.» Rammeplan for barnehagen s.20.

Barnehagane i Herøy vil med dette:

Fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta og erfare glede i leik.

Legge til rette for barn sin medverknad og undring slik at dei opplever meistring.

La barna få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og gjennom denne prosessen få bruke heile kroppen og alle sansane sine i læringsprosessane.

Ha personale som støttar barn i utviklinga av sosial kompetanse.

Fagområda

Fagområda i Rammeplanen skal bidra til å fremme trivsel, allsidig utvikling og helse, og er ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde. Fagområda er i stor grad dei same som barna møter seinare som fag i skulen.


Gjennomgåande fagområde er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Relasjonskompetanse

Eit av satsingsområda i Herøybarnehagane er auka kunnskap innanfor relasjonskompetanse. Den vaksne skal vere ein varm relasjonsbygger til barnet, og utøve tydelige krav og grenser. Den autoritative vaksne er eit grunnleggande prinsipp i «Være sammen». Dette betyr i praksis at den vaksne gir barnet tryggleik og skapar gode dagar for barn si utvikling.

Sjå modellen under:





Barnehagane i Herøy vil med dette:

Skape den autoritative barnehagen.
Dette gjer vi gjennom varme og grensesettande vaksne som samhandlar med det medverkande barnet.

Nytte verktøyet «Være sammen»; eit program for inkluderande barnehagemiljø. Dette prosjektet starta i 2017, og tek føre seg relasjonsbygging mellom barn og vaksne.

At kvart barn skal oppleve å verte sett med gode auge og få stadfesting på sin eigen identitet.



Livsmeistring og helse

Det har kome ei lovending i Lov om barnehagar frå januar 2021 om det psykososiale barnehagemiljøet. Lovendinga krev at alle barnehagar arbeider systematisk med førebygging av det psykososiale miljøet, og at ein skal sikre eit godt miljø der alle barn har det trygt og trivast.


Barnehagane i Herøy har arbeidd godt med, og skal fortsatt satse på, prosjektet «Være sammen» (sjå side 6). Gode autoritative vaksne skal skape trygge kvardagar for alle. Vi har også ei satsing på språk og kommunikasjon. Slik vil vi sikre at alle barn skal kunne uttrykke kjensler

og behov. Dette vil vere viktige faktorar for å kunne skape eit trygt og godt barnehagemiljø for den einskilde.

Lovendinga pålegg også alle barnehagar ei aktivitetsplikt dersom føresette, barn eller personale melder ifrå om at nokon ikkje har det trygt og godt i sin barnehage.

I Herøy har vi laga ein plan for arbeid med barnehagemiljø, og det vert kompetanseheving til alle tilsette i alle barnehagane i kommunen hausten 2020 og våren 2021.

Barnehagane i Herøy vil med dette:



Ha kompetanseheving på alle tilsette i kommunikasjon og relasjonsferdigheiter.

Lære barna å ta gode avgjersler for seg sjølv og utvikle evne til kritisk tenking.

Støtte barna i sjølvregulering og legge til rette for at alle skal få oppleve meistring i kvardagen.

Regional kompetanseutvikling: Språk og kommunikasjon


Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis. Ordninga er eit av fleire verkemiddel som skal sikre at alle barn skal få eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Tema som Herøybarnehagane arbeider med er språk og kommunikasjon. I denne satsinga samarbeider vi ilag med barnehagane i Ulstein og Sande. Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald.

Barnehagane i Herøy jobbar systematisk og målretta for at barna skal få utvikle omgrepsforståinga si og få eit godt ordforråd. Dette er grunnlaget for ei god språkutvikling og språkforståing. Dette legg igjen grunnlaget for lese- og skriveopplæringa i skulen.

Språkløyper er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving som Kunnskapsdepartementet starta i 2016. Dette er ei satsting som alle barnehagane i Herøy deltek i.

Barnehagane i Herøy vil med dette:



Fremje språkleg mangfald.

Støtte barn verbalt i ikkje verbal kommunikasjon via teikn, bilde, kroppsspråk, blikk m.m.

Nytte ulike verktøy for å stimulere, synleggjere, kartlegge og visualisere ord og innhald. Til dømes ved å nytte observasjonsverktøyet TRAS, språkløyper og ASK – all supplerande kommunikasjon.





Sektor for oppvekst

Sektor for oppvekst har kontor ved Herøy rådhus, og samarbeider nær med alle barnehagane i kommunen. Ein handsamar søknadar, rettleier, leier felles kompetanseheving, gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp, og gjennomfører felles møter med alle styrarane.

PPT

PPT har treffetid ute i alle barnehagane. Dei kan gi rettleiing/opplæring på system og råd i anonyme saker. Dersom ein skal diskutere einskildbarn så må det vere gitt skriftleg samtykke frå føresette.

Tverrfagleg team

Alle barnehagane har tverrfaglege team som består av: helsestasjon, barnevern, ppt. Desse kan mellom anna drøfte anonyme saker, jobbe på systemnivå, og invitere føresette med på møter for å drøfte einskildsaker.

Spesialpedagog

Spesialpedagog er tilsett i kommunen og gir spesialpedagogisk hjelp til barn som har fått vedtak om dette.

Støttepedagog

Støttepedagog er utdanna barnehagelærer og tilsett i kommunen, og arbeider ute i alle barnehagane for å gi støtte i barnegrupper som har eit ekstra behov for det.

Helsestasjonen

Fast samarbeid om 4 årskontroll, og andre saker ved behov.

Samarbeid med alle skulane om overgang frå barnehage til skule.

Barnehagane i Herøy

Går du inn på heimesida til Herøy kommune på www.heroy.kommune.no så finn du oversikt over alle barnehagane i kommunen.

- Bergslia barnehage
- Gnist Barnehager Myklebust
- Huldal Barnehage
- Leikanger barnehage
- Moltu barnehage
- Myrsnipa barnehage
- Sirlihaugen barnehage
- Troll-lia barnehage
- Troll-myra barnehage

Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

